

Sakshandsamar:

Einar Ulla
E-post: einar.ulla@sfj.no
Tlf.: 57638051

Vår ref.

Sak nr.: 17/4178-6

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

21743/17

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 30.05.2017

Til: Fylkestinget

Kopi: Fylkesutvalet

Kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen 2016

Kontrollutvalet har i møte 30. mai 2017 handsama uttale om Sogn og Fjordane fylkeskommune sin årsrekneskap for 2016.

Grunnlaget for handsaminga har vore:

- Rekneskap 2016
- Fylkesrådmannen sin årsrapport for 2016
- Revisjonsmelding frå SF revisjon IKS, datert 15. april 2017

I tillegg har løn- og rekneskapsjef og revisor vore tilgjengeleg for kontrollutvalet med informasjon om aktuelle problemstillingar.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2016 viser eit overskot på 14,5 mill. kroner. Netto driftsresultat er på 214,9 mill. kroner som er 6,8 % av driftsinntektene, mot 5,4 % i 2015.

Fylkeskommunen si langsiktige gjeld var i 2014 redusert med 25 mill. kroner etter fleire år med aukande langsiktig gjeld. I 2015 oppnådde ein også ein reduksjon på om lag 60 mill. kroner. I 2016 vart langsiktig gjeld redusert med 37,4 mill. kroner.

Revisor har ved fleire høve informert kontrollutvalet om revisjon av rekneskapen, der utvalet har fått orientering om innhaldet i revisjonsplan og om framdrift i revisjon av rekneskapen. Revisor presenterte plan for revisjonsarbeidet i kontrollutvalsmøte 22. november 2016.

Kontrollutvalet har motteke uavhengighetserklæring frå revisor, der oppdragsansvarleg revisor si uavhengighet til fylkeskommunen vart stadfesta.

Revisor har følgd opp dei avtalar som er gjort med kontrollutvalet vedrørande revisjon av rekneskapen. Revisor har ingen kommentarar utover det som er ei normal revisjonsmelding.

Ut over det som er nemnt i denne uttalen og det som går fram av revisjonsmelding datert 15. april 2017, har kontrollutvalet ikkje merknadar til Sogn og Fjordane fylkeskommune sin rekneskap for 2016.

Med helsing

Frank Willy Djuvik
Leiar i kontrollutvalet

Einar Ulla
kontrollsjef